



# Regionale roller og regionalt samarbeid i klimatilpassingsarbeidet

Synnøve Stalheim, plansjef, fylkeskommunen  
Eline Orheim, ass.fylkesmiljøvernsjef, Fylkesmannen




# Regionale strategiar for klimatilpassing

- Viktigaste strategien er samarbeid!
- Klimapartnarskapen i fylket:



SGON OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Høgskulen  
på Vestlandet



Statens vegvesen





## Hovudstrategiane våre

### 1. Det integrerte klimatilpassingsarbeidet

- Vi må unngå at klimatilpassing er noko som kjem i tillegg til alt det andre kommunane skal gjere, men i staden vert ein integrert del av oppgåveløysinga
- Klimatilpassing gjennom plansystemet er den frukta som heng lågast:
  - Plan- og bygningslova gir god lovheimel gjennom det obligatoriske kravet om ROS-analysar
  - Plansystemet krev medverknad og gir høve til påverknad



## Hovudstrategiane vår II

- 2. Fylkesmannen skal hjelpe kommunane med å forstå utfordringane og til å «operasjonalisere» faget**
  - Korleis vert klimaet i framtida?
  - Kva konsekvensar får det?
  - Kva kan vi gjere for å redusere dei negative konsekvensane og korleis?
  - Gir klimaendringar òg moglegheiter?



# Organisering av klimatilpassing internt

- Embetsprosjekt «Klimaløftet» 2014-16
- Kvar avdeling har ansvar for å ta klimatilpassing inn i sine oppgåver
- Klimakoordinator/«klimapådrivar» i stab frå 01.01.2017
- Intern tverrfagleg arbeidsgruppe for klimatilpassing (deltakrar: fylkesmannen, miljøvern, landbruk, beredskap, klimakoordinator).
- Helse og utdanningsavdelingane blir kobla på ved behov
- Med ujamne mellomrom drøfter vi om helse og utdanning skal inn som faste medlem i arbeidsgruppa



## Strategiplan 2014 - 2017



**Mål 1: Fylkesmannen har ein kompetent kriseorganisasjon med god kunnskap om risikoar for samfunnet. Vi er pådrivar og koordinator overfor kommunane og andre etatar for å gjere fylket så trygt som mogleg.**

### Strategiar:

- Fylkes-ROS skal skape medvit om risiko og sårbarheit i samfunnet. Fylkes-ROS dannar grunnlaget når vi held øvingar, oppdaterer eigne beredskapsplanar og driv førebyggjande beredskapsarbeid retta mot kommunar og andre aktørar

til å forbetre tenestene sine

- Vi avgjer klager ut frå ei nøytral vurdering av saka og rettslege og faglege kjelder. Vi prioriterer saker ut frå lovverket, embetsoppdraga og kva som er viktigast for privatpersonar og verksemder

**Mål 3: Fylkesmannen skal på eige initiativ hjelpe kommunane med å lage oppdaterte planar for samfunnsutvikling og arealbruk, tilpassa utfordringane.**

### Strategiar:

- Vi skal formidle og fremje nasjonal arealpolitikk i god dialog med kommunane
- Vi skal bruke meir ressursar på førebyggjande informasjon og rettleiding til kommunane og mindre på lite konfliktfylte enkeltsaker
- Vi skal formidle statlege forventingar til kommunane og fylkeskommunen om å tilpasse samfunnet til klimaendringane. Vi legg særleg vekt på å følgje opp den statlege planretningslinja
- Vi skal stimulere til og finne gode døme på interkommunalt samarbeid om plankompetanse
- Vi skal i innspela våre til planprosessane legge meir vekt på folkehelse og interessene til barn og unge





# Prosjekt og satsingar i 2017

- Klimatilpassingskurs for kommunane 13.-14. mars ☺
- Klimatilpassing i plansaker, to prosjekt:
  - 1) ROS- verktøy
  - 2) klimatilpassing i KU, steg 1: naturmangfold
- Det grøne skiftet: omstillingsprosjekt, sektorovergripande
- TOKSKLIM: klimaendringar og miljøgifter
- Flaum og vassdragsmiljø i eit endra klima
- Vassdrag, ureining og landbruk
- Nasjonal klimatilpassingskonferanse i Sogndal 29.-31.aug '17